



Ombo oppvekstsenter
Finnøy kommune – 4187 Ombo

Referat samarbeidsutvalget (SU)

Samarbeidsutvalg Ombo Oppvekstsenter
Torsdag . 14.desember 2017 kl 10:15-11:30
Ombo Oppvekstsenter

Tilstede:

Geir Piel frå Iqubes Helse
Nils Petter Flesjø, kommunalsjef
Randi Westersjø Christensen (representant frå skuleforeldre, formann SU) haust 2019
Frid Rørheim(representant frå andre tilsette) haust 2020
Ingvild Neckarski (representant frå lærare) haust 2018
Christine Soma Nårstad (representant barnehageforeldre) 2017-2019
Marita Lindanger Nårstad (vararepresentant barnehageforeldre) 2017-2019
Brit Rørheim (representant frå skuleforeldre) haust 2019
Eli Lindanger (kommunalrepresentant) 2015-2019
Jarl Morten Johansen(rektor og kommunal representant)

Forfall/ikkje tilstede:

Bente Rørheim (vararepresentant frå skuleforeldre) haust 2019
Grethe Øvrebø Eike (repr barnehagen Halsnøy) 2016-2018
Karina Eike (vararepresentant barnehage Halsnøy) 2018-2020
Hilde Eide (representant for personal barnehage) 2017-2019
Erlend Nes (kommunal representant vara) 2015-2019

Saker

17/2017-2018

Godkjenning av innkalling samt referat 17.nov.2017
Innkalling godkjent, referat frå 17. nov. signert og godkjent.

18/2017-2018

Samansetting av SU representantar.
Miriam har trukket seg frå sitt verv. Ingvild er vald in som ny representant for lærare.

Til informasjon:

Agata er tilsett som lærar frå januar 2018.
Det jobbes med å få på plass pedagogisk leiar til barnehagen på Ombo. Nils Petter har vært i dialog med fleire kandidatar. Ein avklaring er ikkje klar endå, men er i prosess.

19/2017-2018

Gjennomgang av arbeidsmiljøundersøkinga og informasjon frå iQubes Helse.
Oppvekstsenteret får ein skriftleg rapport tilsendt frå Iqubes.
Bakgrunnen for undersøkinga er at AMU i Finnøy kommune, der også Iqbes er representert, skal ha ein gjennomgang med einingane i Finnøy. Grunna situasjonen oppvekstsenteret har vært i haust vart dette framskunda til november på Ombo.
Rapport er gjennomgått i personalgruppa samt i SU.

Ombo oppvekstsenter
4187 Ombo

Tlf.: 51 712080

E-post: ombo.oppvekstsenter@finnoy.kommune.no

Dir.: 51712084

Heimeside: www.minskole.no/ombo

Iqubes går ikkje inn i saka rundt klagesak i foreldregruppe, men set berre fokus på arbeidsmiljøet og skiljer mellom denne saka og sjølve rapporten. Rapporten set ljøs på kva tilsette, leiar og kommunalsjef samt den enkelte arbeidstakar kan gjøre for å betre miljøet, og korleis jobba vidare med dette.

Det konkluderes med at trivselen er god, men desse punktene bør det jobbes vidare med:

1. Utarbeida/revidere kompetanseplan
2. Leiar-og medarbeiderstøtte samt få ny pedagogisk leiar i barnehagen.
3. Betre samarbeid mellom avdelingane.
4. Avslutte «Klagesaken»

Det var gjort ein del gode funn i kartlegginga som me må vera takksame for og jobba vidare med for å sikra gode prosesser vidare for å oppretthalde alt det positive. Planleggingsdag og personalmøter skal nyttas til å sikre gode prosessar vidare.

20/2017-2018

Kommunalsjef Nils Petter Flesjø (NP) informerer om sak 13/2017-2018 og situasjon rundt dette.

Overordna mål:

Skulen og barnehagen skal oppretthaldas med eit godt arbeidsmiljø og eit godt miljø for elevane og foreldre.

NP svarer og avklarar svar på spørsmål som er kommet til han sidan innkallingen.

Korleis foregår prosessen rundt eit skulebyte for elevar?

NP får inn søknad når det gjelde skulebytte. Vedtak med tilråding gjeres etter reglar og samråd med andre innstanser (PPT, helsestasjon med fleir). Det vurderes også med anna fagleg og ifht trivsel.

Har du sagt at foreldre berre kan søkje til ny skule om dei ønsker det?

NP avviser at han har sagt eller oppmoda foreldre til å søkje byte om skuleplass. Men han har sagt at han har forståing for at enkelte kan vurdere dette om foreldra vurderer det slik.

Kva med skyssutgifter ved skulebyte?

Det varierer i saker kven som må dekke utgiftar til transport.

NP er klar over at det har vært fleire misforståingar rundt skulebyte og kva som er oppfatta av enkelte foreldre.

Er taushetsplikt ifht HMT rapporten frå sist SU møte broten?

Rapporten er innanfor kva kommunalsjef ser på som akseptabelt. Dette var også avklart med den tilsette på førehand. Ordlyden i HMT rapport ble diskutert.

Det ble diskutert ein del rundt prosessane som har skjedd den siste tida ifht klagesak frå ei foreldregruppe. Gruppen har vald å vera anonym, men NP er likevel kjend med kven gruppa består av, då dei har hatt eit møte med han før sommaren.

NP har kalla inn denne gruppa til eit møte for å koma i dialog og avklara saker som har vært fremma. Gruppen har ikkje møtt til avsett møtetid. Enkelte seier dei ikkje hadde ønske om å møte til dialog då ein av møtedeltakarane ble oppfatta som partisk til rektor. Ingen av partene har fram til nå tatt initiativ om å møte til dialog.

Alle er einige i at konflikten har dratt ut lenge.

NP har tillit til rektor, men har laga tiltak og planer til forbetring.

Ein del saker har gått over fleire ledd og direkte til kommunalsjef. Det er naudsynt og ønskeleg at alle saker og evt klager tas opp tenesteveg. Dersom nokon ønsker å fremja ein

sak som angår SU skal dette tas med formann, eller rektor. Saker som gjeld tilsette skal tas opp med dei det gjeld, eller med rektor.

Korleis foregår ein prosess dersom det er konflikt blant tilsette?

Konflikt tas alltid på lågaste nivå. Dersom saken går vidare vil den tilsette få ein innkalling til eit møte med leiar. Om det er konflikt mellom tilsette, blir det innkalt til møte med representant frå leiar. I tillegg kan den tilsette ta med seg verneombod, hovedverneombod eller anna tillitsvald frå den tilsette si side. Dette informerast alltid i ein innkalling. Bedrifthelsetenesta kan i enkelte sakar nyttas.

Taushetsplikt.

Hvis nokon merker at taushetsplikt brytes, skal dette tas opp med nærmaste leiar og gå tenestevei. Taushetsplikt gjennomgås med personalet årlig og etter rutinar med alle i personalet.

Foreldrerepresentant foreslår at kommunalsjefen innkaller til eit møte med alle. Grupper avsto fordi den nøytrale parten hadde kjennskap til rektor. Vi ønsker nå å gå inn i et møte hvis begge parter får godkjenne den nøytrale parten.

SU er samde om at ein upartisk møteleiar oppnavnas av kommunalsjefen. Det bestemmes at NP kaller inn til nytt møte med alle parter og heile foreldregruppa.

Ref JM